



Jnr. 1077.20

KMK

Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 Oslo

## Felles uttale frå regionråda i Haugalandet og Sunnhordland til NTP 2022 - 2033

Regionrådet for Haugalandet og Samarbeidsrådet for Sunnhordland representerer til saman 16 kommunar og rundt 170.000 innbyggjarar. Regionen er ein tung næringsregion, og i 2019 omsette den maritime næringa i regionen aleine for 50 milliardar norske kroner. I tillegg til dette kjem marine næringar, turisme, landbruk og handel som store næringar i regionen. Regionen ligg mellom Boknafjorden og Bjørnefjorden, og ligger midt mellom dei to største byane på Vestlandet. Haugalandet og Sunnhordland meiner det er viktig å realisera lenge planlagde prosjekt for å binda Stavanger og Bergen saman, og samtidig binda saman regionen i mellom byane. Samtidig må det satsast på å få ein effektiv Aust – Vest forbindelse frå austlandet til den mest verdiskapande delen av vestlandet.

### Regionråda vil difor at følgjande prosjekt skal prioriterast i NTP:

#### **Ferjefri E39 mellom Stavanger og Bergen**

Ferjefri veg mellom Stavanger og Bergen er eit prosjekt som samla sett gjev store gevinstar både for samfunnsnytte og for klimautslepp. Ved å erstatta fleire store ferjesamband med bru og tunell, vil ein skape ei ferdsselsåre som vil redusere flytrafikk mellom Bergen og Stavanger, samt erstatte ferjer som er svært lite energieffektive. Dette vil skape eit felles bu- og arbeidsmarknad på Sør-vestlandet, og vere ein viktig stamveg for å knyta landsdelen tettare i saman.

#### **E39 Rogfast**

E39 Rogfast er viktig for å knyta Stavanger nordover mot Haugalandet og Sunnhordland. Dette er eit svært samfunnsnyttig prosjekt for regionen, og for Norge. Bygginga av prosjektet må starta opp att så snart som mulig, slik at ein kan bli ferdig med prosjektet innan 2029.

#### **E39 Hordfast – Ådland – Svegatjørn**

I Nasjonal Transportplan 2018-2029 var det lagt inn 14.milliardar kroner til bygging av E39 Stord – Os, Hordfast, i siste del av planperioden, og 5 mrd. anna finansiering i første planperiode. Det er opna for tidlegare byggestart kring 2022, dersom kostnadane vert redusert. Statens Vegvesen har lagt fram ei ny kostnadsprognose, der kostnaden er redusert til 35 milliardar kroner og dette kan ytterlegare reduserast. Hordfast er eit av dei mest samfunnsnyttige prosjekta i landet, og må byggast slik at det er klart om lag samtidig som E39 Rogfast. På den måten får ein så snart som mogeleg henta ut effektane av å ha ein effektiv og ferjefri veg mellom Stavanger og Bergen.

Regionråda støtter difor vegvesenet si innstilling i sitt innspel til NTP:

## **«2022-2027**

*Lav ramme: Oppstart ferjefri forbindelse mellom Stavanger og Bergen, prosjektet E39 Ådland-Svegatjørn. Sammen med Rogfast bygger prosjektet bo- og arbeidsmarkedene på strekningen Stavanger-Stord-Bergen med vesentlig redusert reisetid».*

### **E39 Bokn – Stord**

Det er viktig at planane er klare for vidare bygging av E39 når E39 Rogfast og E39 Hordfast er ferdigbygga. Det er difor viktig at det no blir prioritert ressursar til vidare planlegging av vegen mellom Bokn og fram til vegen på Stord, og at ein kan så snart som mogelig få vedtatt traseane, og planlagt kvar vegen skal gå.

Me registerer at «Nye veier» i sitt innspelsdokument til samferdselsdokumentet til NTP peiker på dette prosjektet som eit av deira prioriterte prosjekt. Viss departementet vurderer at prosjektet vil bli raskare plankart og raskare realisert ved å legge det inn i «Nye veier» sin prosjektporlefølje, vil regionråda stille seg positiv til at dette prosjektet kjem inn i deira porlefølje.

### **NASJONAL TRANSPORTKORRIDOR AUST-VEST**

#### **E134 Bakka – Solheim**

Prosjektet har vore omtala som eit pilotprosjekt med samanhengande plan gjennom to kommunar og i to fylker. Det er vegen mellom Bakka og Solheim som har dei største flaskehalsane på dagens E134. Den nye planlagde E134 Bakka – Solheim fører europavegen utanom alle tettstader, og har planlagt standard for 90 km/t der det i dag er mest 60 km/t. Heile strekninga er ny veg, og eksisterande trasè blir liggjande som lokalveg.

Kommunedelplanar gjennom Etne og Vindafjord kommunar er ferdig utarbeidd, for ei strekning på om lag 40 km. Denne strekninga er «gryteklat», og må prioriterast inn i første del av NTP.

#### **Vintersikker E134**

Statens Vegvesen har i «Øst-vest-utredning» frå 2015 konkludert med at E134 Haukelivegen er det mest føretrekte og samfunnsøkonomisk lønsame sambandet mellom aust og vest. I same utredning vart det presisert at det aller viktigaste for å realisera E134 Haukelivegen var å få oppstart på tunnelane for å sikra den kritiske vinterregulariteten over fjellet.

Me ser at så lenge prosjekta i transportkorridoren E 134 i kost-nytte samanheng blir sett på kvar for seg, og ikkje samla for heile strekninga, kan traseen verta utsett i tid. Statens vegvesen sine kost-nytteberekningar anslo 26 mrd kroner i positiv nytteverdi for hele strekninga, dette er difor viktig å få fram.

**Røldal – Vågslid** er sjølve høgfjellspassasjen på E134, og det er denne strekninga som skapar usikkerheit ved regulariteten og er flaskehalsen, særleg for næringstrafikken. Ein vintersikker trasè vil bestå av ein heil – eller delt tunell løysing mellom Liamyrane øst for Røldal og Vågslid. Dette vil ha store positive utslag på redusert utslepp av CO<sub>2</sub> for nyttetrafikken, med 50% berre for fjellovergangen Seljestad-Vågslid, og bidra positivt i miljøregnskapet. I tillegg vil dette bidra til føreseielek transport for næringslivet og kundane som får redusert køyrelengde på 11 km berre på denne strekninga, samt auka tryggleik for alle som nyttar hovudfartsåra E134 aust-vest.

Regionråda vil avslutningsvis streka under at prosjekta på E39 og E134 må få prioritet så langt framme i Nasjonal Transportplan (NTP) 2022-2033 som mogleg.

I den situasjonen næringslivet no står i grunna koronaviruset, låg oljepris og låg kronekurs, må ein og sjå at nye samferdsleprosjekt vil vera med på å skaffa aktivitet i eit næringsliv som sårt vil trenga oppdrag for å overleva.

Sunnhordland og Haugalandet 16 juni 2020

Morten Storebø  
styreleiar Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Arne-Christian Mohn  
leiar Haugalandrådet

Gro Jensen Gjerde  
dagleg leiar Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Tormod Karlsen  
adm.dir Haugaland vekst

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift*